



Spente og fulle av forventningar framfor skulen i Uskedalen: Albert-Ove, Randi, Frida og Birte. (Foto: Ola Ola Matti Mathisen)

**Måndag ettermiddag fekk Uskedalen fire nye innbyggjarar: Albert-Ove Nybakk og Randi M. Nybakk flytta hit med borna Frida (7) og Birte (10). Dei kjem frå Halsør, som ligg eit kvarters køyretur frå Måløy i Nordfjord.**

Albert-Ove kjem frå heimstaden sin medan Randi kjem heimatt etter å ha budd i Nordfjord i nesten 15 år. Som dei tre andre er også ho spent, men aller mest er ho glad og imponert over velkomsthelsinga frå det som var skulen hennes og som skal bli skulen til Frida og Birte frå tirsdag morgon.

Slik er gladhistoria om velkomsthelsinga:

I midten av februar ringte Randi rektor Vidar Haugland, som ein gong var læraren hennes, og meldte inn Frida og Birte som nye elevar med start etter påske. Han svara at dei allereie hadde hørd rykte om flyttinga. Randi ga rektor lov til å melde frå om flyttinga til dei aktuelle klassane, som var andre og femte.

Stutt tid etterpå kunne familien i Nordfjord lesa på heimesida til Uskedalen Oppvekstsenter at Frida og Birte skulle begynne der. "Vi får to nye elevar og det er kjempekjekt", sto det på sida.

Men det stoppa ikkje der. Få dagar seinare kom det to tjukke konvoluttar til Raudeberg skule, der Frida og Birte gjekk. I konvoluttar til Birte var det velkomtbrev frå dei fleste av elevane i femteklassen. Dei skreiv litt om seg sjølve, til dømes om hobbyar dei hadde, og at dei såg fram til å møta henne. I konvoluttar til Frida hadde elevane lagt kvar sin teikning med namn på.

- Sendinga frå Uskedalen var heilt fantastisk, eg har aldri høyrte om noko liknande. Ved Raudeberg skule tente dei straks på ideen og det bør alle andre skuler også gjera, seier Randi.

-Og korleis tok jentene det?

- Dei vart svært overraska og glede seg frå første stund. No er dei allereie på ein måte fortrulege med skulen dei skal møta fram i på tirsdag. Velkomsten var særleg viktig for Birte, som har vore litt skeptisk framfor flyttinga, understrekar Randi.

Det høyrer med til historia at det ikkje gjekk mange minutta etter ankomsten til Uskedalen måndag før jentene hadde kontakt med fleire av dei nye klassekameratane sine. Moderne kommunikasjonsmidlar hadde lagt grunnlaget for det!

Kvifor kjem så familien til Uskedalen? Svaret er samansett. Ein viktig grunn er sjølvst at Randi er herifrå. Ho og mannen har budd i Måløy-området sidan dei traff kvarandre i 1993. Dei dreiv ein daglegvarebutikk saman i åtte år og då den opphørte dreiv han ein KIWI-butikk vidare. Men i fjor fekk Albert-Ove helseproblem og familien måtte leggja nye planar for framtida.

Han er eigentleg utdanna oppdrettsrøktar og då det vart annonsert i lokalpressa i Kvinnherad etter folk til oppdrettsanlegget ved Høystein på østsida av Varaldsøy var han ikkje sein om å søkja. Frå midt i januar har han vore ansatt i det multinasjonale selskap Marine Harvest og trivst som fisken i vatnet! Den fysiske aktivitet han får er også ideell for helsa.

Randi har jobba i barnehage til no, men heretter vil ho truleg hjelpe far Lars på bensinstasjonen.

Bustadproblem er det heller ikkje: Familien skal flytta inn i huset etter farmor Fredsy, som ligg ved sida av foreldra sitt hus.

- Flyttinga hit har vore ein lang prosess som vi heilt bevisst har brukt lang tid på.. Men alt tyder på at den får ein lykkeleg ende, seier Randi og Albert-Ove.

Av Ola Matti Mathisen



Spente og fulle av forventningar framfor huset sitt: Albert-Ove, Randi, Frida og Birte. (Foto: Ola Matti Mathisen)